



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunedelplan Todalsfjordprosjektet - høyring september 2020

Sunnadal og Surnadal kommunar legg forslag til kommunedelplanen for Todalsfjordprosjektet ut til høyring og offentlig ettersyn.

Det vert kontordag i Sunndal 21. september 2020 kl. 10-12: ope for alle. Ein-til-ein møte kl. 12-15 avtalast med kommunen på førehand. Kontaktperson for 1-1-møte: Sunndal kommune ved Berit Skjevling, e-post: berit.skjevling@sunndal.kommune.no telefon: 901 13 194.

Det vert kontordag i Surnadal 25. september 2020 kl. 10-12: ope for alle. Ein-til-ein møte kl. 12-15 avtalast med kommunen på førehand. Kontaktperson for 1-1-møte: Surnadal kommune ved Håvard Stensønes, e-post: havard.stensones@surnadal.kommune.no telefon: 979 78 216.

Merknader til kommunedelplanen sendast som e-post til:

post@sunndal.kommune.no

eller

post@surnadal.kommune.no

Alternativt, merknader til kommunedelplanen kan også sendast per post til:

Romsdalsvegen 2,
Postboks 94
6601 Sunndalsøra

eller

Surnadal kommune
Bårdshaugvegen 1
6650 Surnadal

Frist for merknader til kommunedelplanen for Todalsfjordprosjektet er 26.oktober 2020.

Surnadal kommunestyre sitt vedtak 2.09.2020

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 legg Surnadal kommunestyre forslag til kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet ut på høyring og offentlig ettersyn.

2. Vi ser utfordringene for Svinvik Gard med den traseen av vegen som går nær garden og over jordet og mye dyrka mark. Vi ønsker å få ei ny vurdering på trase der vegen fra brua går lengre mot nord og lengre bort fra garden eller bak den naturlige høgda ved garden. Da ser vi ein bedre løysning for grunneiere og dei planane som dei har fremover.
3. Surnadal Kommunestyre ber om at klimaregnskap vert ein del av reguleringsplanen.

Sunnadal kommunestyre har gjort tilsvarende vedtak 9.09.2020.

Til vedtakspunkt 3

Kommunestyret etterspør klimaregnskap for Todalsfjordprosjektet. Fagrapporten «Fv. 670 Todalsfjorden, prissatte konsekvenser» inneheld berekningar for luftforureining:

Klimagassutsleppa for utbyggings-alternativet (scenario 1, dvs. Todalsfjorden og E39 Betna - Stormyra) samanlikna med 0-alternativet aukar med omlag 46 000 tonn CO₂-ekvivalenter i perioden 2024-2063. Klimagassar som inngår i berekninga av CO₂-ekvivalentar er CO₂, CH₄ og N₂O. Bygging og drift/vedlikehald av Todalsfjord-prosjektet og transport inngår i utsleppsberäkninga.